

Administrativt samhandlingsutval

Sunnmøre

Protokoll 1/2013

Møtedato: onsdag 27. februar kl. 10.00-14.10

Til stades: X

	Representantar Helseforetaket		Vara
X	Torstein Hole		Mona Ryste
X	Anniken Standal Remseth		Toril Heltne
X	Knut Nautvik		Bjørn Magne Jåtun
X	Janita Skogeng, Leiar av utvalet		Kari Standal
X	Manuela Strauss		
X	Robert Giske		

		Representantar kommunane		Vara
X	SRR	Ottar Grimstad, Hareid		Karsten Vingen, vara
X	SRR	Solveig Årø, Haram		Kjartan Lied, Stranda
X	SRR	Kjetil Fyelling, kommunalsjef, Sula		Anna Lisa Drabløs, Sykkylven
	SRR	Ragnhild Velsvik Berge, Herøy		Marit Botnen

		Representantar vertskommunane		Vara
X	Ålesund	Håvard Overå		Birte Vegsund, Ålesund
X	Volda	Arne Gotteberg, Sunnmøre Regionråd		Jorunn Anne R. Tomasgard, Volda

	Representant fastlegane:		Vara
X	Stian Endresen, Ulstein legekantor		Arne Morterud, Giske legekantor

		Representantar Fagforeiningane:		Vara
X	Fagforbundet	Torunn Hoel		Ivar Østrem
X	Fagforbundet	Inger Lise Andreassen, Ålesund kommune		Hans Jakob Overå, Sykkylven kom.
X	UNIO/NSF	Ståle Ræstad, Ålesund kommune		Åse Vegsund, Sula Kommune
X	UNIO/NSF	Charles Austnes, Ålesund sjukehus		Kaspara Nettet Tørlen, Ålesund, sjukehus, vara

	Brukarrepresentant:		Vara
X	Ingrid Løset, Sunnmøre		Jakob Strand, Sunnmøre

X	Helse Møre og Romsdal HF	Hilde A. Flø		Sekretær
---	--------------------------	--------------	--	----------

Sakliste:

- Sak 2013/01 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Sak 2013/02 Godkjenning av referat frå møte 07. november 2012.
- Sak 2013/03 Samhandlingsstruktur
- Sak 2013/04 Tilbodet i tverrfagleg spesialisert rehabilitering
- Sak 2013/05 Samarbeidsavtale – barn med oppmerksomhetsvanskar ADHD
- Sak 2013/06 Presentasjon av prosjekt Kols 02 v/Sigmund Blindheim
- Sak 2012/18 Mandat for implementering av felles kompetanse og rekrutteringsplan.
- Sak 2013/07 Forbetring av daglig kontakt mellom kommunar og kliniske einingar i helseforetaket –arbeidsgruppe frå partane oppnemnst?
- Sak 2013/08 Eventuelt.

- Sak 2013/01 **Godkjenning av innkalling og sakliste.**
Godkjent. Sak 2013/07 blir lagt fram munnleg.
- Sak 2013/02 **Godkjenning av referat frå møte 07.11.2012**
Godkjent

Sak 2013/03 Samhandlingsstruktur

Saksbehandlar: Britt Rakvåg Roald
Arkivreferanse: 2012/631

Møtedato:
27.02.2013

Saksutgreiing:

Vedlegg 12 til Samarbeidsavtalen mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF fastsett struktur for formaliserte samhandlingsarenaer mellom partane. I forbindelse med revidering av avtalen, som er planlagt hausten 2013, ønskjer føretaket at partane evaluerar samhandlingsstrukturen og kjem med forslag til eventuelle endringar.

For å få god dialog om erfaringar og evt forslag til endringar, ber føretaket om at dei Administrative samhandlingsutvala har denne saken som tema fram mot oktober 2013. Vi ber om at utvala gir sine innspel til forhandlingsgruppa, som skal møtast og evaluere og evt revidere Samarbeidsavtalen og vedlegga.

Vedlegg 12 leggjast ved saka.

Forslag til vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre diskuterer samhandlingsstruktur i sine møter, og gir innspel til forhandlingsgruppa innan 1. oktober 2013.

Vedtak til protokoll:

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre diskuterer samhandlingsstruktur i sine møter, og gir innspel til forhandlingsgruppa innan 1. oktober 2013.

Tillegg til vedtak:

1. Innspill frå alle partar legges frem i god tid før neste møte 22.mai. Dette vil bli grundig drøfta i møte.
2. Administrativt samhandlingsutval for Sunnmøre ber Det overordna samhandlingsutvalet sjå på korleis revisjon av avtalene gjennomførast, blant anna vurdere samansetning av forhandlingsgruppe.

Sak 2013/04 Tilbodet i tverrfagleg spesialisert rehabilitering

Saksbehandlar: Ottar Grimstad / Håvard Overå

Møtedato: 27/2
2013

Arkivreferanse:

Saksutgreiing:

Riksrevisjonen skriv i Dokument 3:11 Riksrevisjonen undersøkinge om rehabilitering i helsetjenesten:

«Gjennom budsjettproposisjonene og den nasjonale strategien for habilitering og rehabilitering er det fra Stortinget stilt krav om at fagfeltet skal styrkes. Det er gjennom disse dokumentene formidlet at rehabilitering må bli det neste store satsningsområdet i helsetjenesten. Riksrevisjonen mener at informasjon om sengeplasser, ventetider, liggedøgn og gjennomsnittlig liggetid er viktige mål å vurdere for utvikling i kapasitet og aktivitet knyttet til rehabilitering. Disse indikatorene viser at det ikke kan måles en styrking av rehabiliteringsfeltet i perioden 2005–2010 på nasjonalt nivå.»

I vårt fylke er dette tydeleggjort ved at det regionale helseforetaket har redusert avtalane med private rehabiliteringsinstitusjonar (Muritunet) og at Helse Møre og Romsdal har lagt ned Nevrohjemmet og overført pasientgruppa til sjukehusa i Molde og Ålesund med mindre kapasitet. Tilbodet ved Mork og Aure rehabiliteringssenter er redusert og vidare reduksjon/nedlegging blir vurdert.

Rehabilitering er ei felles oppgåve for helseforetak og kommuner. Helsedirektoratet har i rapporten IS-1947 Avklaring av ansvarsfordeling mellom kommunane og spesialisthelsetjenesten på rehabiliteringsområdet, gitt uttrykk for følgjande hovedprinsipp når det gjeld denne ansvarsfordelinga:

Kommune		Spesialisthelsetjeneste
Behov for kompetanse knyttet til muligheter og begrensninger i nærmiljø?	 Brukers mål om best mulig funksjons- og mestringsevne, selvstendighet og deltakelse sosialt og i samfunnet.	Behov for spesialisert kompetanse?
Behov for langvarig og koordinert oppfølging?		Behov for kompleksitet?
Behov for tverrsektoriell samhandling?		Behov for intensitet?

Vidare har Helse Midt-Norge RHF sett i gong eit prosjekt i tråd midtnorske fylka der ein saman skal greie ut grensegangen mellom spesialisert og kommunal rehabilitering, både når det gjeld kompetanse og kapasitet. Prosjektet skal omhandle alle typar diagnoser. Overordna samhandlingsutval i Møre og Romsdal har utpeika representant frå både Helse Møre og Romsdal HF og kommunane til dette arbeidet, og det same har ein gjort i dei to Trøndelagsfylka. Representantskapet i Sunnmøre Regionråd har i møte 1.2.13 bedt om at Helse Møre og Romsdal HF ikkje gjer ytterlegare nedskjeringar i den spesialiserte rehabiliteringa før konklusjonane frå dette prosjektet ligg føre.

Helseforetaket og kommunene har i Vedlegg 2 til samhandlingsavtalen vedteke følgende (4.1.5)

«Både helseforetak og kommuner har ansvar for habilitering og rehabilitering av pasienter/brukere. Ved vurdering av hvor hovedansvaret for dette ligger i forhold til enkeltpasienter/-brukere, tar en utgangspunkt i rapporten ”Avklaring av ansvars- og oppgavedeling mellom kommunene og spesialisthelsetjenesten på rehabiliteringsområdet” fra Helsedirektoratet (IS-1947)»

I Hovedsamarbeidsavtalen står det også at partane skal:

- « - Informere og involvere den andre parten i planprosessar og anna arbeid som har betydning for utforminga av helsetenester for den andre part, blant anna organisering og endring av rutinar
- Orienterer kvarandre om endringar i rutinar, organisering og liknande som kan ha betydning for/innverknad på dei områda avtalen omfattar
- Gjennomføre konsekvensutgreiingar ved planlegging av tiltak som får konsekvensar for den andre part, blant anna organisering, nedlegging av sjukehus og sjukehusavdelingar»

Dersom helseforetaket reduserer kapasiteten til spesialisert tverrfagleg rehabilitering, slik at pasientar ikkje lenger får eit fagleg tilfredsstillande behov, vil det i stor grad gå ut over pasientane sin livskvalitet. Det vil også gå ut over kommunane som vil måtte dekke eit varig omsorgs og pleiebehov for desse pasientane som blir større enn det hadde behov for å vere.

Det har vore gjort vurderingar av om kommunane bør gå inn i samarbeid med helseforetaket om drift av rehabiliteringsinstitusjonar. Dette har kommunane stort sett svart nei til. Det er grunnleggjande med at etter den ansvarsdelinga som går fram av helsedirektoratet sin veileder, så må kommunane konsentrere sin rehabiliteringsinnsats om rehabilitering i pasienten sin heim og i institusjonane i eigen kommune. Den intensiteten som ligg i rehabilitering i spesialiserte rehabiliteringsinstitusjonar, meiner kommunane må vere helseforetaket si oppgåve å dekke. Kommunane har ei frykt for at helseforetaket no av økonomiske omsyn bygger ned kapasiteten sterkare enn det er fagleg grunnlag for, og meiner at det må gjerast ei konsekvensutgreiing i samsvar med samhandlingsavtalen før det skjer ytterlegare kapasitetsreduksjon. I denne konsekvensutgreiinga bør også representantar for kommunane delta.

Vedtak til protokoll:

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre viser til Prosjekt rehabilitering som Helse Midt-Norge RHF har sett i gong som skal greie ut grensegangen mellom spesialisert og rehabilitering, og der KS og kommunane er med.

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre ønskjer at Helse Møre og Romsdal HF ikkje gjer reduksjonar i kompetansen eller kapasiteten i den spesialiserte rehabiliteringa før ein kjenner konklusjonane i Prosjekt rehabilitering, og det er gjennomført drøftingar i samsvar med Samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane.

Saka vert sendt over til handsaming i Overordna samhandlingsutval.

Sak 2013/05 Samarbeidsavtale – barn med oppmerksomhetsvansker – ADHD

Saksbehandlar: Manuela Strauss

Møtedato:
27.02.2013

Arkivreferanse:

Saksutgreiing:

Viser til møte i Administrativs samhandlingsutval for Sunnmøre den 07.11.2012, da samarbeidsprosjektet ”Barn med oppmerksomhetsvansker” mellom noen kommuner og psykisk helsevern for barn og unge ble lagt frem.

Det er utarbeidet forslag til samarbeidsavtale mellom kommuner (helsetjeneste barn og unge inkl. lokal PPT, fastleger) og helseforetaket. Noen kommuner v/PPT har signert avtalen allerede; Volda/Ørsta, Ålesund, Sykkylven, Skodje/Ørskog/Stordal.

Det legges ved forslag til manualer, utsendt informasjon til fastleger og forslag til samarbeidsavtale. Dokumentene er også tilgjengelig på [hjemmeside for Psykisk helsevern for barn og unge](#); Manualar for utgreiing og behandling.

Vedtak til protokoll:

Behandlingslinje for barn med oppmerksomhetsvansker anbefales som gjensidig forpliktelse ifølge vedlagte manualer.
Saken vert søkt innarbeid i ny samarbeidsavtale for barn og unge.

Sak 2013/06 Presentasjon av prosjekt Kols 02 v/Sigmund Blindheim

Viser til vedlagte presentasjon som Blindheim la fram.

- Utvalet peika på viktigheita av dette arbeidet også ut mot sjukeheimane og dei andre kommunene helseforetaket representerer.
- Dette prosjektet vil no vert evaluert og ein vil da sjå på mellom anna ressursar og "veien vidare" i dette arbeidet som er starta opp med dette prosjektet.
- Utvalet håper prosjektet vil lykkes med utvikling av tilbodet til denne pasientgruppa, og imøteser ny henvendelse i saka.

Sak 2012/18 Oppfølging av Felles kompetanse- og rekrutteringsplan

Saksbehandlar: Britt Rakvåg Roald	Møtedato:
Arkivreferanse: 2012/631	05.11.2012

Saksutgreiing:

Overordna samhandlingsutval gjorde i sitt møte 5. september 2012 følgjande vedtak når det gjeld oppfølging av "Felles kompetanse- og rekrutteringsplan":

1. Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal anbefalar at Felles kompetanse- og rekrutteringsplan blir gjeldande for heile Møre og Romsdal.
2. Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal anbefalar at Helse Møre og Romsdal, KS saman med leiarane i Administrative samhandlingsutval utarbeider eit mandat for bruk av planen.
3. Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal ber om at prosjektleiarane saman med forskningssjefen i Helse Møre og Romsdal ser på muligheita for forskningsmidlar.

Det har vore dialog mellom dei aktørane jfr pkt 2 i vedtaket. Mandat for implementering av Felles kompetanse- og rekrutteringsplanen til dei Administrative samhandlingsutvala:

1. Ut frå dei tiltaka som er foreslått i rapporten, kva for tiltak bør prioriterast og i kva slags rekkefølge?
2. Læring av kvarandre ut frå forslag til tiltak - er det nokon ansvarsområde som ein kan fordele, slik at nokon har ansvar for planlegging av nokre tiltak på vegne av alle? I tilfelle kva for tiltak er då aktuelle?
3. På kva slags måte kan ein ivareta læring på tvers av de ulike regionane og kommunegrupperingane?
4. Andre viktige moment for å implementere plana?

Overordna samhandlingsutval ber om at dei Administrative samhandlingsutvala rapporterar tilbake innan 31. desember 2012.

Forslag til vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre følgjer opp saken jfr mandat frå Overordna samhandlingsutval.

Vedtak til protokoll:

Utvalet treng ei tydelegare og spissare saksutgreiing for å behandle saka.

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre tar opp med samhandlingssjef korleis saka vert håndtert vidare.

Sak 2013/07 Forbetring av daglig kontakt mellom kommunar og kliniske einingar i helseforetaket –arbeidsgruppe frå partane oppnemnst?

Vedtak til protokoll:

Administrativt samhandlingsutvalg etablerer ei arbeidsgruppe som sjøl fremme forslag til mandat for arbeidet. 4 representantar frå dei kliniske miljøa i helseforetaket må oppnemnst. 4 representantar frå kommunane er allereie oppnevnt i gruppa

Ålesund kommune ivaretar sekretærarbeid med mellom anna innkalling og referat/protokoll frå møta.

Sak 2013/07 Eventuelt

- Håvard Overå

Ein er veldig positiv til helseforetakets utlysing etter praksiskonsulentar.

o Sekretær:

Saksliste, saksframlegg vil no ligge ute helseforetakets nettsider for [styreadministrasjon](#). Sekretær bestreber å få lagt inn opplysningar og dokument gjeldande det Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre så snart som råd. Nærare informasjon kjem i mail.